



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
127/25	Formannskapet	30.09.2025

Detaljreguleringsplan for E51 - Kroknesvågen- dokument til offentlig ettersyn

Samandrag:

Mulvik AS har på vegne av MS Haugen AS utarbeida detaljplan for Kroknesvågen gnr. 38 bnr. 2,3,6,7,8,10,12 og 13. Målet med planen er å legge til rette for vidare drift og mogleg utviding av eksisterande næring knytt til fiskeri innanfor planområde.

Formannskapet 30.09.2025

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

FO - 127/25 Vedtak

Vanylven kommune vedtek å leggje «Detaljplan E51 Kroknesvågen » (planID 1511-2023-04) dat. 10.04.2025 ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-10.
Høyringsfristen vert sett til 6 veker.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune vedtek å leggje «Detaljplan E51 Kroknesvågen » (planID 1511-2023-04) dat. 10.04.2025 ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-10.
Høyringsfristen vert sett til 6 veker.

Vedlegg:

Vedlegg_01_Plankart 2025_04_10
5381_Planomtale Krokenesvågen 2025_04_10
Vedlegg_02_5381 Føresegner_2025_04_10
Vedlegg_03_5381 Referat frå oppstartsmøte
Vedlegg_04_5381 Varslingsbrev_med_vedlegg_redusert 2024_05_28
Vedlegg_05_5381 Varslingsannonse 2024_05_28
Vedlegg_06a_5381 Samla innspel
Vedlegg_06b_5381 Merknadsskjema_2025_04_10
Vedlegg_07_5381 ROS-sjekkliste_2024_12_13
Vedlegg_08_5381 ROS-analyse_2025_04_10
Vedlegg_09_5381 Geoteknisk vurdering - Sunnfjord Geo Center
Vedlegg_10_5381 Sjekkliste naturmangfald_2024_12_20

Saksopplysningar:

Mulvik AS har på vegne av MS Haugen AS utarbeida detaljplan for Kroknesvågen gnr. 38 bnr. 2,3,6,7,8,10,12 og 13. Ein har fått innepsil til varsel om oppstart som ein har kommentert i vedlegg 06A som ligg ved.

Planen har fått nasjonal planID: 1511-2023-04.

Det vart halde oppstartsmøte 13.10.2023 og varsla oppstart via annonse i Synste Møre samt på kommunen og Mulvik AS sine heimesider. Det vart også sendt varslingsbrev til berørte partar og høyringsinstansar med frist 08.07.2024.

Til varsel om oppstart mottok ein 9 innspel som er kommentert og ligg ved.

Vurdering og konklusjon:

Det kom inn 9 merknadar. I vedlegget 06A, er det utarbeidd oppsummering av innkomne merknadar med vurdering og originale merknadar.

Merknadane er teke til vitande og delvis til følgje og innarbeidd i plandokumenta.

Kommunedirektøren tilrår at planforslaget, slik det ligg føre, kan vedtakast og leggst ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen, jf. plan- og bygningslova § 12-10, vert sett til 6 veker.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør